



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 23. mai 2019

**Stad:** Meland kommunehus – Formannskapssalen

**Kl.:** 08.30 – 10.30

**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen)

**Innkalla:** Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 27/19)

**Revisjon:** Ragnhild Kartveit Høyland

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:** Øyvind Bratshaug. Vara Dag Erik Hagesæter innkalla, men kunne ikkje møte. Morten Klementsens. Vara innkalla, men kunne ikkje møte. Aslaug Aalen

I møtet var det derfor 5 av 7 medlemar til stades

.....

### 24/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

### 25/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møtet 11.04.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå 11.04.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møtet 11.04.2019

## 26/19 Skriv og meldingar

### Saksvedlegg:

1. Vedtak fellesnemnda Alver sak 023/19 Revisjonsavtale
2. Referat frå møte den 08.05.19 mellom leiarane i kontrollutvala – Radøy, Meland og Lindås
3. Høyringsuttale - Politisk styringsstruktur og reglemenet for Alver kommune
4. Løypemelding forvaltningsrevisjon

### Behandling i møte:

Sekretæren orienterte kort om fellesnemnda sitt vedtak om val av revisor (pkt 1)

Revisor Ragnhild Høyland orienterte om status forvaltningsprosjektet «Helsetilbodet til barn og unge». Prosjektet er starta opp. Spørsmål rundt gjennomføring vart avklart.

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 27/19 Orientering om status økonomi 2019

### Saksvedlegg:

### Saksopplysningar:

Økonomisjef Per Inge Olsen er beden om å gje ei orienterte om den økonomiske statusen per 1. tertial 2019.

### Behandling i møte:

Økonomisjef Per Inge Olsen møtte i saka.

Tertialrapport er ikkje ferdig analysert per dato. I orienteringa framkom mellom anna opplysningar om:

- Satsar for betaling til private barnehagar vil verte justert, auke vert dekkja innan budsjettramma
- Skatt og rammetilskot vil truleg verte høgare enn budsjettert
- Budsjetterte driftskostnader føreset bruk av disponible fondsmidlar
- Er eit høgt investeringsbudsjett - har ikkje teke opp lån enno

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

## 28/19 Førebuing felles møte for kontrollutvala – september 2019

### Saksvedlegg:

Referat frå møte den 8.5.19 , sjå Skriv og meldingar pkt 2.

### Saksopplysningar:

Leiarane for kontrollutvala har drøfta aktuelle tema for fellesmøte og har sett opp slik framlegg til program:

- Informasjon om status i arbeidet med samanslåingsprosessen
  - Ordfører i Meland kommune / leiar for fellesnemnda Øyvind Oddekalv
  - Rådmann Lindås kommune / prosjektleiar Alver kommune  
Ørjan Raknes Forthun
- Orientering om status helse og omsorg - Kommunalsjef Leni Dale
- Orientering om oppdatert status for felles barnevern
  - Prosjektleiar for prosjektet Felles barnevern / Barnevernslleiar Sissel Frotjold
- Orientering om budsjettframlegg for kontrollutvalet i Alver
- Innspel til opplæringsbehov for kontrollutvalet i Alver
- Avsluttar med lunsj kl 12.00 / 13.00

Det er no avtalt slik: Møtedato: **Onsdag 25. september kl 09.00**

Møtestad: Alver hotel

Framlegg til program vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting i møte.

### Behandling i møte:

### Framlegg til vedtak:

Saka vert å drøfta utan framlegg til vedtak frå sekretariatet

### Samrøystes vedtak:

Framlegg til program teke til orientering

## 29/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

### Saksvedlegg:

#### Saksopplysningar:

I møte den 11. april 2019 svarte dei 5 medlemene som var til stades slik på utdelt spørjeskjema.

Der vart kryssa av for kvar av spørsmål nedanfor på ein scala frå frå 1- 6.  
der 1 = lite/dårleg/uenig ..... 6 = mykje/svært bra/enig

<b>Møte og arbeid i kontrollutvalet</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>
Har du fått god nok opplæringa om KU sine oppgåver og mandat ?			1		1	3
Er dine forventningar til KU sitt arbeid innfridd?					2	3
Er sakene som vert drøfta i KU relevante for oppgåver og mandat som KU har ?				2	1	2
KU er kommunestyrets kontrollorgan – fyller ein den rolla?					1	4
Korleis fungerer arbeidet i KU, som eit kollegium ?					1	4
<b>Sekretariatet</b>						
Er sakene til møta i KU førebudd på ein tilfredstillande måte ?					2	3
Er vedtaka i KU tilfredstillande følgd opp av sekretariatet ?					2	3
<b>Revisjon</b>						
Er du nøgd med revisjonen sine rapportar og orienteringar ?					2	3
<b>Forvaltningsrevisjon</b>						
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte selskapskontrollar?					3	2
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte forvaltningsprosjekt?					3	2
<b>Oppfølging av vedtak i administrasjon / kommunestyre</b>						
Har vedtaka i KU innverknad på administrasjonen si tenesteutøving?				2	1	2
Har vedtaka i KU innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?				1	1	3
<b>Samarbeid med administrativ og politisk leiing</b>						
Vert rådmann /administrasjon for sjeldan kalla inn til møte i KU ?			1	1		3
Kor nøgd er du med administrasjonen sine orienteringar i KU ?				1	1	3
Ordførar har møte og talerett i KU – bør ordførar møte oftare ?		1		1		3
<b>Informasjon kontakt med innbyggjarane</b>						
Er innbyggjarane i kommunen kjend med kva KU si rolle er?		1		2	1	
Burde lokalavisene vore meir engasjert i KU sitt arbeid?				2		2

Resultat av eignevalueringa vert lagt fram til drøfting slik den føreligg.

Medlemene vert også oppmoda om å reflektere over

- Eigne erfaringar frå kontrollutvalsarbeidet i denne kommunestyreperioden  
Kva har vore bra ? Kva bør endrast?
- Korleis leggje til rette for ei god opplæring av nytt kontrollutval
  - Felles tiltak i regi av sekretariat / revisjonen – tilrettelagt for KU
  - Deltaking i folkevaldsopplæringa
  - Ønskjeleg organisering av kurs
- Andre innspel/ framlegg

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert å drøfta utan framlegg til vedtak frå sekretariatet

**Samrøystes vedtak:**

Evalueringa vert å ta med i sluttrapporten frå perioden

**30/19 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene slik:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

**Behandling i møte:**

Ingen merknader / saker vart tekne opp i møtet

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

**31/19 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

**Ny møtedato vert fastsett til torsdag 19. september 2019 kl 08.30.**

Førebels saker til neste møte:

- Orientering om status økonomi 2019
- Forvaltningsprosjekt:  
Helsetilbodet til barn og unge Meland kommune 2018

Frekhaug, torsdag 23. mai 2019

Kåre Skibenes / leiar



Øyvind Olsnes / sekretær

